



Solholmen Vertshus AS  
Remmo 13

5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar: Ref.:GX6NAF- Skjemanr.:247

Vår: 19/1073 - 19/16571

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

24.05.2019

## Solholmen Vertshus - svar på søknad om ny alminneleg skjenkebevilling for gruppe 1-3 etter eigarskifte

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

---

**Post**

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Mottakarar:**

Solholmen Vertshus AS

Remmo 13

5911

ALVERSUND

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/19	Formannskapet	PS	16.05.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Reidun Sæbdal	19/1073

## Solholmen Vertshus - søknad om ny alminneleg skjenkebevilling for gruppe 1-3 etter eigarskifte

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Søknad om ny alminneleg skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 og serveringsbevilling vert innvilga.

- Løyvehavar: Solholmen Vertshus AS org.nr. 921237286
- Dagleg leiar og styrar for skjenkebevillinga: Odd Kåre Remme
- Avløyсар: Anne Marie Samuelsen
- Type verksemd: Restaurant/selskapslokaler, bar
- Skjenketid i samsvar med kommunens forskrift om skjenke- og opningstider, jf del II i kommunens alkoholpolitiske plan.  
Serverings- og skjenkebevilling gjeld til 25.04.20 i samsvar med vedtak om midlertidig bruksendring av lokala. Dersom vidareføring av bruksendring føreligg, gjeld skjenkebevillinga til seinast 30.09.20. Serveringsbevillinga gjeld på ubestemt tid så lenge det føreligg bruksendring av lokala.
- Skjenkeareal innandørs:  
Puben ca 60 m<sup>2</sup> - 50 sitjeplassar.  
Hovedhuset ca 130 m<sup>2</sup> - 50 sitjeplassar.
- Skjenkeareal utandørs:  
Lite telt 50 sitjeplassar.  
Stort telt 150 sitjeplassar.  
Det er ikkje tillatt med ståplassar ved uteservering jf. Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune punkt 4.3.

Klage:

*Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for*

### **Formannskapet - 034/19**

#### **FO - behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FO - vedtak:**

Søknad om ny alminneleg skjenkebevilling for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 og serveringsbevilling

vert innvilga.

- Løyveharar: Solholmen Vertshus AS org.nr. 921237286
- Dagleg leiar og styrar for skjenkebevillinga: Odd Kåre Remme
- Avløyssar: Anne Marie Samuelsen
- Type verksemd: Restaurant/selskapslokaler, bar
- Skjenketid i samsvar med kommunens forskrift om skjenke- og opningstider, jf del II i kommunens alkoholpolitiske plan.  
Serverings- og skjenkebevilling gjeld til 25.04.20 i samsvar med vedtak om midlertidig bruksendring av lokala. Dersom vidareføring av bruksendring føreligg, gjeld skjenkebevillinga til seinast 30.09.20. Serveringsbevillinga gjeld på ubestemt tid så lenge det føreligg bruksendring av lokala.
- Skjenkeareal innandørs:  
Puben ca 60 m<sup>2</sup> - 50 sitjeplassar.  
Hovedhuset ca 130 m<sup>2</sup> - 50 sitjeplassar.
- Skjenkeareal utandørs:  
Lite telt 50 sitjeplassar.  
Stort telt 150 sitjeplassar.  
Det er ikkje tillatt med ståplassar ved uteservering jf. Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune punkt 4.3.

#### Klage

*Kommunens einskildvedtak etter alkoholova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkoholova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for*

.....

#### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

#### Bakgrunn

Solholmen Vertshus AS fekk innvilga servering- og skjenkebevilling 30.08.18 i lokaler på Solholmen i Alversund, i tillegg til uteservering. Det har no vore eit eigarskifte og ny eigar søkjer om bevilling for å forsetje verksemda, [alkoholova §1- 10](#). Verksemda driv i dag på tidlegare eigars bevilling, jf alkoholova §1-10 første ledd 3 og 4 punktum. Saka har vore til uttale politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Det er ingen vandelsmessige manglar. Dagleg leiar har bestått etablerarprøven og ansvarleg for skjenkebevillinga og avløyssar har bestått kunnskapsprøven for alkohol.

#### Vurdering

Servering -og skjenkebevilling vert vurdert under eitt.

Alkoholova set vilkår som må vera oppfylt før bevilling kan gjevast. Når desse vilkåra er innfridd er det opp til kommunens frie skjønn å avgjera om bevilling skal gjevast.

Det er serveringslova § 6, alkohollova § 1- 7b - krav til vandel og alkohollova §1-7 a -kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad, samt kommunen sin alkoholpolitiske plan som vert lagt til grunn i vurderinga av søknaden.

Søknaden vert tilrådd innvilga.

.....